



10.04.21

*Kjære alle foreldre og føresette!*

Pandemien har vart i over eitt år, og vi har alle fått ein ny kvardag. Ved skulen i Kviteseid har vi vore svært heldige. Vi har ikkje hatt smitte og har derfor hatt gult tiltaksnivå gjennom heile skuleåret. Klassene våre er ikkje større enn at ei klasse har vore ein kohort. Undervisninga har i svært liten grad vore skadelidande av pandemien.

Frå 12.04.21 trer reviderte rettleiarar for smittevern i kraft. Vi skal framleis halde oss til ein grunnmodell basert på trafikklys med grønt, gult og raudt tiltaksnivå. I dei reviderte rettleiarane er tiltaka skjerpa på alle nivå.

Den store skilnaden de vil merke, er dersom skulen kjem på raudt tiltaksnivå. 1.-4. trinn skal ha eit fulltidstilbod på skulen og klassa vil framleis vera ein kohort. For 5.-10. trinn gjer skjerpa krav til gruppestorleik at dei aller fleste trinn vil bli delt i to kohortar. Dette gjer at det nokre dagar i veka vil bli heimeskule. Nøyaktig korleis organiseringa vil bli, kjem vi tilbake til i den aktuelle situasjonen. Dersom det blir innført raudt nivå for skulen, vil skulen halde ein dag stengt for å kunne organisere den nye kvardagen.

Nye, meir smittsame virusvariantar har etablert seg i Noreg. Særleg varianten av viruset som fyrst blei funnen i England har fått stor utbreiing. Viruset smittar hovudsakeleg via dråpesmitte kor virus frå luftvegane til ein sjuk eller smitta person spreier seg med små dråpar, til dømes ved hosting og nysing, og vidare til ein annan persons luftvegar.

Barn smittar vidare omtrent halvparten så ofte som vaksne, også for nye virusvariantar.

Ungdom smittar vidare i større grad enn barn, men i mindre grad enn vaksne.

Med nye, meir smittsame virusvariantar er det større sannsyn for tilfelle i skulen. Det fører også til utvida karantenetiltak, slik at mange elevar og tilsette ved skulen kan koma i karantene samstundes. Dette vil påverke undervisningssituasjonen.

Det er fyrst og fremst personar med symptom som er smittsame, og ein er mest smittsam i det ein utviklar symptom. Barn har mindre symptom enn vaksne, og vil derfor vere mindre smittsame. Ungdommar blir sjuke i større grad enn barn, men fortsatt i mindre grad enn vaksne. Vi minner derfor om kor viktig det framleis er å halde seg heime ved symptom og sjukdom.

*Vi ynskjer alle ein god vår!*

Helsing

Skuleleiinga i Kviteseid kommune